



Olav Stedje i aksjon i Dønhaugkjedlaren tidlegare i år.

**Olav Stedje (53) vitja Dønhaugkjedlaren i vår. Men den populære og slitesterke artisten frå Sogndal kjem att ein gong til i 2006. Det skjer laurdag 14. oktober, bere stutt tid etter at Stedje ga ut albumet "Livstegn".**

Dette er den første plata hans med nytt materiale på 11 år. Ikkje overraskande er sjølv signaturmelodien på CD-en "Du og eg".

Eigentleg var Olav fullbooka til langt ut på nyåret, men han ville likevel komma attende til Dønhaug.

Han er mannen med den finaste barten i norsk popbransje og for mange sjølv definisjonen på norsk softrock. Stedje hadde faktisk sin platedebut som soloartist for nøyaktig 25 år sidan i år. "Vi vandrar saman" var ein av songane og "Når ho er hjå meg" ein annan, Året etter nådde han den første toppen i karrieren sin og fekk Spellemannsprisen for årets pop-plate.

Men suksessen heldt fram, med "Tredje Stedje" samme året og det vart Spellemannspris att året etter. Då var han og med i Melodi Grand Prix, med "Melodi". Seinare vart det fleire Grand Prix-songar. I 1995 kom han med CD-en "Bot og bedring", ei stadfesting av den kvalitet og tradisjon han har vorte kjend for.

Eit fruktbart samarbeid med Jonas Fjeld var og ein viktig "knagg" for sogningen. Så vart det heller stille rundt han, til han dukka opp att i ein skjøn duett med Mia Gundersen. Men det endelege livsteiknet kjem altså no. Seks sølvplater har han bak seg og han stoppar nok ikkje der.

Dønhaug opnar kl. 20 og konsertstart er ein time seinare, Det er høve til å tinga plass på [donhaug.gard@knett.no](mailto:donhaug.gard@knett.no) og frå 9. oktober på tlf. 97040153/53486009. Eit begrensa antall billetter blir selt og dei som ynskjer plass bør tinga på førehand. Tinga billetter bør hentast før konsertstart, ellers risikerar ein at dei vert selt frå kl. 21.